



Kvam herad
Grovagjelet 16
56005600 NORHEIMSUND

Dato: 18.04.2016
Vår ref.: 2014/17126-72
Saksbehandlar: martved1
Dykkar ref.:



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND



NHO
Hordaland

Informasjonsbrev vedrørende spørjeundersøking om rådgivingstenesta i Hordaland

Hordaland fylkeskommune arbeider no med ein *regional plan for kompetanse og arbeidskraft*. Planen skal bidra til at arbeidsmarknaden i fylket er sikra tilstrekkeleg arbeidskraft og relevant kompetanse for framtida. For å oppnå dette vil utdanningssystemet vere særleg viktig for å kunne dimensjonere utdanningstilbodet og for å gje unge rettlegging for framtidig yrkes- og utdanningsval. Dette vil ha innverknad for kva kompetanse som vert tilgjengeleg for arbeidsmarknaden. Planen vil òg sjå på endring og omstilling til nye kompetansekrav i eit omskifteleg arbeidsliv. Eit sentralt føremål er at viktige offentlege aktørar, utdanningsinstitusjonar og aktørar i arbeidslivet vurderer eit meir forpliktande samarbeid for å løyse eit felles samfunns mål, herunder styrke kvaliteten i karriererettleinga i alle delar av utdanningssystemet.

Planarbeidet er no i ein fase der ein utarbeider analysar som vil kartlegge desse forholda nærare. Arbeidet er organisert i tre temagrupper:

- Dimensjonering av utdanningstilbod
- Endring og omstilling
- Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing

Temagrappa for *utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing* omfattar representantar frå senter for yrkesrettelegging ved Hordaland fylkeskommune, Høgskolen i Stord/Haugesund, Universitetet i Bergen, KS i tillegg til bedrift- og arbeidstakarorganisasjonane NHO og LO. Denne gruppa ønskjer å sjå nærare på korleis rådgivingstenesta ved høvesvis grunnskole, vidaregåande og høgare utdanning er innretta. Ein søker å finne ut meir om arbeidsmåtar, samarbeid og forholdet mellom dei ulike nivåa i rådgjevingstilbodet.

For å kartleggje dette ønskjer temagrappa å sende ut ei spørjeundersøking til tilsette ved rådgivingstenesta ved grunnskole, vidaregåande og høgare utdanning. Samstundes vil vi invitere elevar og lærarar til fokusgrupper (6-10 deltakarar på kvar gruppe) der tilbodet for yrkes- og utdanningsrådgjeving i grunnskole og vidaregåande skole vil vere eit hovudtema.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.